



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen, Rådhuset i Tysnes
Dato: 18.02.2016
Tidspunkt: 10:00 – 13:00

Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Britt Sørensen Dalsgård	Leiar	AP
Lorentz Lunde	Nestleiar	KRF
Magne Ivar Fauskanger	Medlem	FRP
Kirsten Gunn Epland	Medlem	H

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Patrick Russel Madsen	Medlem	Ap

Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
Lars Enes	Patrick Russel Madsen	Krf

Merknader

Andre som møte:

Navn	Stilling
Kari Gåsemyr	Forvaltningsrevisor Deloitte – heile møtet, unnateke PS 12/16
Kari Nygard	Seniorrådgjevar Hordaland fylkeskommune – var med i heile møtet

Britt Sørensen Dalsgård
utvalsleiar

Kari Nygard
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 1/16	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 2/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte		
PS 3/16	Forvaltningsrevisjon plan og byggesaker i Tysnes kommune - revisjonsrapport		2015/4
PS 4/16	Overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon - godkjenning av prosjektplan og vidare handsaming		2015/196
PS 5/16	Overordna analyse og plan for selskapskontroll - godkjenning av prosjektplan og vidare handsaming		2015/197
PS 6/16	Forslag til kurs i regi av Deloitte		2015/1
PS 7/16	Orientering om arbeid med heimeside for Tysnes kommune		2015/9
PS 8/16	Møteplan for kontrollutvalet i 2016		2016/35
PS 9/16	Referatsaker		
RS 1/16	Kontrollutval 2015 - 2019 - Suppleringsval		2015/195
RS 2/16	Førebels rekneskap for kontroll og tilsyn for 2015		2016/45
RS 3/16	Budsjett for kontroll og tilsyn for 2016		2016/45
RS 4/16	Melding om representantskapsmøte i SIM		2015/197
PS 10/16	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval		2015/200
PS 11/16	Eventuelt		
PS 12/16	Konkurransenutsetting av revisjonstenester for Tysnes kommune - Arbeidsmøte		2014/256

PS 1/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 18.02.2016

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje merknader til innkalling eller sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

PS 2/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 18.02.2016

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje merknader til møteprotokoll frå møte 30.11.15.

Vedtak:

Møteprotokoll frå møte 30.11.15 vart samrøystes godkjent.

PS 3/16 Forvaltningsrevisjon plan og byggesaker i Tysnes kommune - revisjonsrapport

Forslag til innstilling

A. Kommunestyret ber rådmann om å syta for at følgjande tiltak vert sett i verk:

1. Oppdaterer administrativt delegasjonsreglement slik at det blir vist til siste versjon av plan- og bygningslova.
2. Vurderer å opplyse søkjarar tidleg om at det kan bli aktuelt for kommunen å etterspørje dokumentasjon knytt til byggjesøknadar fleire gongar.
3. Gjennomfører systematiske risikovurderingar av arbeidsprosessane innanfor plan- og byggesakshandsaminga og set i verk tiltak for å redusere eventuell uønskt risiko.
4. Sikrar at det blir utarbeidd felles rutinar, malar og sjekklister til bruk i plan- og byggesakshandsaminga.
5. Sikrar at rutinar og arbeidsprosessar i plan- og byggesaksarbeidet blir jamleg evaluert.
6. Utbetrar nettsidene slik at informasjon om plan- og byggesaker blir lett å finne fram til for innbyggerane.
7. Sikrar at lovpålagte fristar for handsaming av plan- og byggesaker, inkludert klagesaker, alltid blir etterlevd.
8. Sikrar at det blir mogleg å ta ut relevant statistikk frå sakshandsamingssystemet som gjev rask og sikker oversikt over sakshandsamingstid.
9. Vurderer å utarbeide dokument som omtalar kven som har ansvar for kva oppgåver knytt til innkrevjing av gebyr og som tydeleggjer når ulike gebyr skal krevjast inn.
10. Sikrar at det blir gitt reduksjon i gebyr i plansaker der frist for 1. gangshandsaming er overskride.
11. Sikrar at gebyrregulativet sine føresegner om gebyrreduksjon i samband med handsaming av private plansaker, samsvarar med føresegner om gebyrreduksjon i forskrift om tidsfristar.

B. Kommunestyret ber rådmann om at det vert laga ein handlingsplan som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingar i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk, og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Kommunestyret ber om at slik handlingsplan vert lagt fram innan 01.09.2016.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 18.02.2016

Handsaming i møtet:

Kari Gåsemyr frå Deloitte presenterte rapporten og gjennomgjekk funn og vurderingar som er gjort etter forvaltningsrevisjon av tenesteområdet plan og byggesaker i Tysnes kommune.

Det vart trekt fram at rapporten er godt motteke hjå rådmann, og at fleire av tinga som er påpeika alt er i ferd med å bli følgd opp. Men det er og tiltak som kommunen må arbeida vidare med. Kontrollutvalet drøfta saka og kommenterte kva tiltak som vil vera viktig å følgja opp.

Kontrollutvalet vil at det vert gjeve presentasjon for kommunestyret når saka vert handsama der.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling:

- A. Kommunestyret ber rådmann om å syta for at følgjande tiltak vert sett i verk:
12. Oppdaterer administrativt delegasjonsreglement slik at det blir vist til siste versjon av plan- og bygningslova.
 13. Vurderer å opplyse søkjarar tidleg om at det kan bli aktuelt for kommunen å etterspørje dokumentasjon knytt til byggesøknadar fleire gongar.
 14. Gjennomfører systematiske risikovurderingar av arbeidsprosessane innanfor plan- og byggesakshandsaminga og set i verk tiltak for å redusere eventuell uønskt risiko.
 15. Sikrar at det blir utarbeidd felles rutinar, malar og sjekklister til bruk i plan- og byggesakshandsaminga.
 16. Sikrar at rutinar og arbeidsprosessar i plan- og byggesaksarbeidet blir jamleg evaluert.
 17. Utbetrar nettsidene slik at informasjon om plan- og byggesaker blir lett å finne fram til for innbyggjarane.
 18. Sikrar at lovpålagte fristar for handsaming av plan- og byggesaker, inkludert klagesaker, alltid blir etterlevd.
 19. Sikrar at det blir mogleg å ta ut relevant statistikk frå sakshandsamingssystemet som gjev rask og sikker oversikt over sakshandsamingstid.
 20. Vurderer å utarbeide dokument som omtalar kven som har ansvar for kva oppgåver knytt til innkrevjing av gebyr og som tydeleggjer når ulike gebyr skal krevjast inn.
 21. Sikrar at det blir gitt reduksjon i gebyr i plansaker der frist for 1. gangshandsaming er overskride.
 22. Sikrar at gebyrregulativet sine føresegner om gebyrreduksjon i samband med handsaming av private plansaker, samsvarar med føresegner om gebyrreduksjon i forskrift om tidsfristar.
- B. Kommunestyret ber rådmann om at det vert laga ein handlingsplan som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingar i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk, og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Kommunestyret ber om at slik handlingsplan vert lagt fram innan 01.09.2016.

PS 4/16 Overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon - godkjenning av prosjektplan og vidare handsaming

Forslag til vedtak

1. Prosjektplan for analyse og plan for forvaltningsrevisjon vert godkjent slik den ligg føre / evt. med endringar gjort i møte.
2. Kontrollutvalet sluttar seg til framdriftsplan for arbeid med overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessmøte nr. 1 vert gjennomført på neste møte.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 18.02.2016

Handsaming i møtet:

Kari Gåsemyr frå Deloitte presenterte kort prosjektplan og informerte om prosess med å utarbeida planar. Det vart peika på at det er viktig med involvering av både kontrollutval, administrasjon og sentrale politikarar i plan-prosessen for å få fram gode prosjekt.

Kontrollutvalet drøfta korleis ein kan få ein god prosess for å finne fram til prosjekt som er gode og nyttige for kommunen. Det kom fram at det er ønske om å endra litt på rekkefølge i prosessen. Utvalet vil at det vert henta inn forskjellige type data, som til dømes KOSTRA-tal, info om gjennomførte tilsyn, intervju med administrasjon og sentrale politikarar, før utvalet gjennomfører sitt risikospel.

Deloitte stadfesta at prosessen kan leggest opp slik, og stilte spørsmål om ein skal legge fram ny prosjektplan.

Kontrollutvalet meinte det ikkje er naudsynt med ny prosjektplan. Det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

Vedtak:

1. Prosjektplan for analyse og plan for forvaltningsrevisjon vert godkjent med endringar som kom fram i møtet.
2. Kontrollutvalet vil at rekkefølge i prosessen vert endra slik at arbeid med innhenting av sentrale dokument og intervju med administrasjon og sentrale politikarar vert gjennomført i forkant av prosessmøte nr. 1. Framdriftsplan vert vidare som skissert.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessmøte nr. 1 vert gjennomført på neste møte.

PS 5/16 Overordna analyse og plan for selskapskontroll - godkjenning av prosjektplan og vidare handsaming

Forslag til vedtak

1. Prosjektplan for analyse og plan for selskapskontroll vert godkjent slik den ligg føre / evt. med endringar gjort i møte.
2. Kontrollutvalet sluttar seg til framdriftsplan for arbeid med overordna analyse og plan for selskapskontroll.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessmøte nr. 1 vert gjennomført på neste møte.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 18.02.2016

Handsaming i møtet:

Saka vart gjennomgått og konklusjonen vart at kontrollutvalet vil at det vert same prosess for denne delen av planarbeidet.

Vedtak i saka vart endra i tråd med dette og samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Prosjektplan for analyse og plan for selskapskontroll vert godkjent med endringar som kom fram i møte.
2. Kontrollutvalet vil at rekkefølge i prosessen vert endra slik at arbeid med innhenting av sentrale dokument og intervju med administrasjon og sentrale politikarar vert gjennomført i forkant av prosessmøte nr. 1. Framdriftsplan vert vidare som skissert.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessmøte nr. 1 vert gjennomført på neste møte.

PS 6/16 Forslag til kurs i regi av Deloitte

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan, tid:
2. Sekretariatet vert beden om å ta seg av alt det praktiske med organisering og avvikling av kurset, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 18.02.2016

Handsaming i møtet:

Forslag til kurs vart gjennomgått og drøfta. Utvaltet konkluderte med at ein ikkje ville bestemma kva kurs som bør prioriterast i dette møtet.

Men kontrollutvalet vil at det til neste møte vert førebudd ei orienteringssak om kommunen sine rutinar vedr. offentlig innkjøp / anskaffingar. Særleg vil utvalet be om å få info om korleis ein sikrar prosessen når det gjeld anskaffing av tenester, kontrakts- og leverandør oppfølging ved bygging av nytt omsorgssenter.

Vidare vil kontrollutvalet at sekretariatet tek kontakt med rådmann og ordførar om aktuelle kurs, for å få synspunkt på om det er behov for nyttige kurs for administrasjonen og / eller kommunestyret.

Det vart fatta samrøystes vedtak.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber om at det til neste møte vert førebudd orienteringssak om kommunen sine rutinar vedr. offentlege innkjøp, særleg med vekt på å sikra prosess / risikoforhold vedr. anskaffing av tenester, kontrakts- og leverandør oppfølging i samband med nytt omsorgssenter.
2. Sekretariatet tek kontakt med rådmann og ordførar om aktuelle kurs ut frå kurs-oversikt frå Deloitte.

PS 7/16 Orientering om arbeid med heimeside for Tysnes kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet ber om at info om kontroll- og tilsynsarbeid vert lagt ut på heimesida ut frå dei signal som vert gjeve i møte.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 18.02.2016

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet gjennomgikk områder på heimesida som gjeld kontrollutvalet, og kom med synspunkt og kommentarar til kva som bør endrast

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet ber om at info om kontroll- og tilsynsarbeid vert lagt ut på heimesida ut frå dei signal som vert gjeve i møte.

PS 8/16 Møteplan for kontrollutvalet i 2016

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2016:

Dato:	Merknad:
18.02.2016	Under avvikling
14.04.2016	
19.05.2016	
29.09.2016	
10.11.2016	

Møtedatoane vert å senda over til kommunen for å bli lagt inn i møteplan / møteoversyn for politiske utval i Tysnes kommune

Saksprotokoll i kontrollutvalet 18.02.2016

Handsaming i møtet:

Forslag til møteplan vart drøfta. Møtedato 19.05.16 passar ikkje for nokre av medlemmane. Denne vart endra til 25.05.16. Ingen endringar på dei andre møtedatoane.

Kontrollutvalet ber om at møteplan for kontrollutvalet kan leggest ut på heimesida til kommunen. Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2016:

- 18.02.16
- 14.04.16
- 25.05.16
- 29.09.16
- 10.11.16

Møtedatoane vert å senda over til kommunen for å bli lagt inn i møteplan / møteoversyn for politiske utval i Tysnes kommune.

PS 9/16 Referatsaker

Saksprotokoll i kontrollutvalet 18.02.2016

Handsaming i møtet:

- Kontrollutvalet 2015 – 2019 – Suppleringsval – gjennomgått og teke til orientering
- Førebels rekneskap for kontroll og tilsyn 2015 gjennomgått og teke til orientering
- Budsjett for kontroll og tilsyn for 2016 gjennomgått og teke til orientering
- Melding om representantskapsmøte i SIM kort kommentert og teke til orientering

Vedtak:

Referatsakene vart samrøystes teke til orientering

PS 10/16 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 18.02.2016

Handsaming i møtet:

Møteprotokollar vart gjennomgått og nokre saker vart kommentert. Ingen av sakene var aktuelle å be om meir informasjon om nå. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

PS 11/16 Eventuelt

Saksprotokoll i kontrollutvalet 18.02.2016

Handsaming i møtet:

- Det var ingen saker å ta opp under dette punktet.

PS 12/16 Konkurransetsetting av revisjonstenester for Tysnes kommune - Arbeidsmøte

Forslag til vedtak

Arbeidsmøte utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i kontrollutvalet 18.02.2016

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet hadde arbeidsmøte og fekk informasjon om dei tilboda som er kome inn, og om sekretariatet sitt arbeid med evaluering av tilboda. Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Informasjonen vart teke til orientering.